



Jondal 11.06.2016

Til aksjonærane i Jondalstunnelen AS:

- Hordaland fylkeskommune
- Odda kommune
- Kvinnherad kommune
- Jondal kommune
- Kvam herad

Statens vegvesen, Region vest.

Riksrevisjonen.

Deloitte AS

Innkalling til ordiner generalforsamling i Jondalstunnelen AS.

Det vert kalla inn til ordiner Generalforsamling i Jondalstunnelen AS 24. juni 2016 klokka 1300 på kommunestyresalen i Jondal.

Fylgjande saker er til handsaming:

Sak 01/16 Opning/registrering.

Fylgjande aksjonerar møte:

- Hordaland fylke, 52 %, representert ved.....
- Odda kommune, 12 %, representert ved.....
- Kvinnherad kommune, 12 %,.....
- Jondal kommune, 12 %,
- Kvam herad, 12 %,.....

? % av aksjonerane var til stades og generalforsamlinga vart lovleg sett.

Sak 02/16 Val av møteleiar.

Sak 03/16 Val av person til å skriva protokoll.

Sak 04/16 Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.

Sak 05/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Sak 06/16 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskapen for 2015.

I 2015 passerte 179873 bilar gjennom Jondalstunnelen. Dette var ein auke på 24596 bilar samanlikna med året før. Årsdøgntrafikken i 2015 var 493 ÅDT mot 425 ÅDT i 2014, ein auke på 15,8 %. Stortingsprop. for Jondalstunnelen legg til grunn 350 ÅDT i opningsåret.

Bruttoinntekta frå bompengainnkrevjinga i 2015 var kr 16 093 279 mot kr 13 846 506 i 2014.

Samla driftskostnader viser ein auke frå kr 11 926 849 i 2014 til kr 14 443 421 i 2015, hovudsakleg på grunn av auka avskrivning av innkrevjingsretten.

Driftsresultatet viser eit overskot på kr 1 673 858 samanlikna med kr 1 943 657 i 2014.

Netto rentekostnad er på kr 1 673 858 mot kr 1 943 656 i 2014.

Årsresultatet er kr 0.

Selskapet sine likvide midlar utgjorde kr 22 974 579 pr. 31.12. 2015 mot kr 16 517 094 pr 31.12.2014. Selskapet sin soliditet er på 1,6 %.

Dette må ein sjå i samanheng med at årlege avskrivningar vert tilpassa storleiken på resultatet ut frå at selskapet berre skal krevja inn bompengar til å dekkja finansiering samt drift av selskapet.

Selskapet er finansiert gjennom lån i Kommunalbanken, og avdrag og renter vert nedbetalt etter ein plan der siste avdrag skal vera betalt 20.12.2023.

Revisor har kommentert to forhold i rekneskapen:

”Inkludert i annen kortsiktig gjeld er kr 1.853.000 som er gjeld til Statens vegvesen, denne posten har stått uendret siden 2013”. Til dette er å seia at dette gjeld resterande del av førehandsinnkravde bompengar på ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd. SV er kjend med posten som står i rekneskapen i påvente av krav om utbetaling.

”Videre er det i 2015 som foregåande år en forskjell mellom fordring på aksjonærer NOK 38.700.000 og gjeld til kommunalbanken NOK 40.635.000, på kr 1.935.000. Denne har også stått uendret fra 2013”. Avviket mellom fordring og gjeld skuldast at me fakturerer i forkant av betaling av renter og avdrag på lånet.

Låneopptak var i 2011. Det blei betalt 1 avdrag i 2011, medan kommunane blei fakturert for 2 avdrag. Lånet forfell 2 gonger pr år i januar og i juli. Ved låneopptak i 2011 blei det betalt 1 avdrag i juli, medan kommunane blei fakturert i mai og desember.

Så avviket er frå 2011, og vil vera konstant då me no fakturerer 2 avdrag pr år, og me blir belasta med 2 avdrag pr år, til siste avdrag blir betalt.

Revisor har godkjent forklaringane.

Framlegg til vedtak:

Styret sitt framlegg til innstilling for generalforsamlinga:

Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga og årsrekneskapen for 2015 for Jondalstunnelen AS slik styret har lagt han fram med eit årsresultat på kr 0.

Sak 07/16 Val.

Val av styre for Jondalstunnelen AS for perioden 2016 – 2020:

Hordaland fylkeskommune innstiller:

Medlemer:

Toralv Mikkelsen, leiar Eidesmoen 4, 5750 Odda/ toralv.mikkelsen@gmail.com

Bente Bondhus Bondhus 33, 5476 Mauranger/ benth-bo@knett.no

Svein Halleraker Hystadvegen 53, 5416 Stord/ sh@linkarkitektur.no

Varamedlemer:

Beate Husa Skogestranda 4 B, 5382 Skogsvåg/ beate.husa@gmail.com

Jostein Ljones Tangavegen 21, 5620 Tørvikbygd/ josteinljones@gmail.com

Olav Magnus Hammer Kysnes, 5626 Kysnesstrand/ olavmhammer@gmail.com

Kommunane innstiller:

Sak 08/1 Godkjenning av godtgjerdsle til styre og revisor.

Generalforsamlinga godkjende fylgjande godtgjerdsle for styre og revisor for rekneskapsåret 2014:

- Styreleiar: fast godtgjerdsle på kr 25000 + tappt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdsle på kr 7500 + tappt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 1500 pr. møte + tappt arbeidsgodtgjerdsle.
- Revisor: Kr 80 125.

Styret sitt framlegg til generalforsamlinga:

Generalforsamlinga godkjenner fylgjande godtgjerdsle til styre og revisor i 2015:

- Styreleiar: fast godtgjerdsle på kr 25000 + tappt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdsle på kr 7500 + tappt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 1500 pr. møte + tappt arbeidsgodtgjerdsle.
- Revisor: Kr 49 063.

Svein K. Halleraker

Styreleiar

(S.)